

INTENSJONSAVTALE

mellom

Sogn og Fjordane fylkeskommune (heretter kalla Fylkeskommunen) på den eine sida,

og på den andre:

Marine Harvest Norway

(heretter kalla Oppdrettar)

om

utleige og operativ drift av eit undervisningsløyve for oppdrett av laksefisk knytta til akvakulturlina ved Måløy vidaregåande skule (heretter kalla Skulen)

Denne intensjonsavtala vert underteikna med atterhald om politisk godkjenning.

Avtala skal leggest til grunn for ein søknad om undervisningskonsesjon knytt til undervisninga ved Måløy vidaregåande skule innan faga Naturbruksfag (Vg1), Akvakultur (Vg2) og TAF Akvakultur (YSK).

Det er ein føresetnad at partane ikkje gjer vesentlege endringar i avtala i tidsrommet frå intensjonsavtala er underteikna og fram til den endelege avtalen vert underteikna. Den endelege avtala vert underteikna når Fiskeridepartementet eventuelt har tildelt undervisningskonsesjonen til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

1. Bakgrunn

Akvakulturnæringa er viktig for Norge og for Sogn og Fjordane. Rekruttering av kompetente medarbeidarar er ei utfordring for næringa, og søkjartala på havbruk på Skulen har ikkje vore tilfredsstillande for å dekke næringa sine behov. Dei er heller ikkje av tilstrekkeleg omfang til å sikre vidare undervisningstilbod i akvakultur ved Skulen. Som eit bidrag til å fremje rekruttering og for å legge til rette for eit tett og godt samarbeide mellom Skule og oppdrettsnæringa, vil det etablerast eit langsiktig samarbeid basert på ein undervisningskonsesjon som Sogn og Fjordane fylkeskommune eiger og Oppdrettar leiger. Deler av den praktisk retta undervisninga ved Skulen vil finne stad hjå Oppdrettar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sine leigeinntekter frå konsesjonen skal nyttast heilt og fullt til aktivitetar som bidreg til auka kvalitet og kompetanse og rekruttering til marine næringar. Det vert oppdretta eit eige fond og eit fondsstyre som skal forvalte desse midlane til beste for rekruttering og kompetanseheving i tråd med måla i Verdiskapingaplanen.

2. Mål og prinsipp for samarbeidet

Målet med avtalen er å styrke akvakulturutdanninga ved Måløy vidaregåande skule. Avtalen skal også føre til sterkare band og oppretthalde det gode samarbeidet mellom Skule og næring. Dette vil igjen bidra til betre samsvar mellom næringa sine behov og korleis undervisninga til ei kvar tid vert gjennomført.

Avtalen skal sikre at tilrettelegging av drifta av undervisningsløyvet vert retta mot undervisning.

Avtalen skal sikre auka kvalitet på opplæringa, som igjen vil bidra til å auka attraktiviteten og søkjartala til skulen og rekrutteringa til oppdrettsnæringa.

Avtalen skal gi skulen høve til å vere eit fysisk etablert nav for utdanning, vidare- og etterutdanning, studiar, kurs og andre kompetansehevande aktivitetar for oppdrettsnæringa og tilknytte verksemdar.

Oppdrettar (og andre oppdrettarar i fylket) skal så langt råd er, tilby lærekontraktar i Akvakulturfaget til ei klasse Vg2 ved Måløy Vidaregåande skule.

Vidare kan Skulen utplassere to klasser Vg1-elevar i kortare periodar hjå Oppdrettar (og andre oppdrettarar i fylket) som ledd i elevane si karrierevegleiing (sjå pkt. 3 for døme på periodar).

3. Opplæringa

Avtalen skal sikre at både den teoretiske og praktiske opplæringa blir planlagt og gjennomført i tråd med kunnskapsløftet og læreplanen sine intensjonar og mål. Skulen har ansvaret for at opplæringa innanfor Vg1 Naturbruk og Vg2 Akvakultur og TAF Akvakultur (YSK) er i samsvar med gjeldane læreplanar.

Delar av den praktiske gjennomføringa som er fastsett i opplæringsplanen, skal kunne gjennomførast på Oppdrettar sitt anlegg etter ein opplæringsplan som syner organisering og gjennomføring, kompetansemål og vurdering. Opplæringsplanen skal utarbeidast av Skulen i samarbeide med Oppdrettar.

I opplæringsplanen skal m.a. dette inngå:

- ✓ Dei kompetansemål som elevane skal ha opplæring i
- ✓ Opplæringsareana (t.d. oppdrettsanlegget med merdar, settefiskanlegg, slakteri mm.) for dei ulike kompetansemål.
- ✓ Oversyn over oppdrettsbedrifta sine instruktørar som har ansvar for at opplæringa på anlegga vert gjennomført
- ✓ Skulen sin ansvarlege person for oppfølging i utplasseringsperiodane
- ✓ System for vurdering av elevane sine ferdigheter
- ✓ Fastsetting av utplasseringsperiodane for Vg1 –elevar: 8 veker på vg1 ¹⁾
- ✓ Fastsetting av utplasseringsperiodane for Vg2 –elevar: 6 veker (3 + 1+1+1 veker) + 2 utplasseringsdagar/veke¹⁾
- ✓ Fastsetting av praksis TAF-elevar (YSK): 2 utplasseringsdagar i veka og i tillegg til alle skuleferiar unnateke 5 ferieveker i året.
- ✓ Beskriving av naudsynt utstyr og arbeidstøy for elevane

¹⁾ Syner gjeldane norm for skuleåret 2015/16, kan endrast om det kjem nye ting inn i læreplanen.

Elevane skal føre rapport frå utplassering som beskriver kva dei har gjennomført av opplæring.

Oppdrettar har ansvar for å gje elevane opplæring i HMS-arbeid relatert til den praktiske delen av opplæringa som skal gjennomførast på Oppdrettar sitt anlegg, sikkerheitsreglar som gjeld for anlegget, smittervern, internkontroll og åtferd på anlegget.

For å sikre at opplæringa av elevane vert gjennomført etter opplæringsplanen, og dei reglar som gjeld for arbeidet på anlegga, skal det vere ein laupande kontakt mellom Skulen og Oppdrettar i utplasseringsperiodane, minst ein gang pr. veke. Skulen har ansvar for at slik kontakt vert oppretta.

Skulen skal, saman med Oppdrettar, utarbeide ein årleg undervisningsplan i samband med kvart skuleår som syner korleis lokalitetane skal takast i bruk av skolen. Skulen har ansvaret for at dette vert utført.

Elevene er forsikra i utplasseringsperiodane etter ordning administrert av Fylkeskommunen.

4. Undervisningskonsesjon — utnytting, rettar og plikter

Fylkeskommunen sitt løyve til lakseoppdrett, gjeve av Fiskeridirektoratet DATO, gjev grunnlag for etablering av eit oppdrettsanlegg for inntil 780 tonn MTB. Det er i vedtaket om løyve gjeve heimel for å leige denne ut. Fylkeskommunen leiger ut løyvet til Oppdrettar i samsvar med føresetnadane i denne avtala.

Løyvet for undervisningskonsesjon er i utgangspunktet gjeve for 10 år, med moglegheit til forlenging.

Oppdrettar skal planlegge, finansiere og sette i verk utbygging av akvakulturløyvet innanfor ramma av løyvet, og elles syte for alt som er naudsynt for at løyvet kjem i operativ drift så snart som mogleg.

Ved realisering av løyvet - oppbygging av anlegga og seinare drift - skal Oppdrettar sjå til at alle vilkår som er sett i Fiskeridirektoratet sitt brev av DATO vert oppfylt. Skulen skal laupande informerast om alle tilhøve som kan vere viktige for dei vilkår som er sett i løyvet.

Den daglege leiinga og koordineringa i anlegga der kor undervisningskonsesjonen vert utøvd ligger til Oppdrettar. Drifta skal leggest opp etter sunne økonomiske prinsipp med basis i Oppdrettar sine forretningsprinsipp. Likevel skal Oppdrettar ta omsyn til at Skulen kan utøve ein sikker og effektiv undervisning knyta til anlegget.

5. Leigetilhøve med driftspartnar

Oppdrettar forpliktar seg til å stille med dei lokalitetar som kjem fram av erklæringar gitt frå kvar einskild i vedlegg til søknaden som ligg til grunn for løyvet. Oppdrettar er einig om følgjande plan for bruk og drift i avtaleperioden:

- a. Oppdrettar leiger og disponerer 100 % av MTB for Undervisningskonsesjonen i ein 10-års periode, dvs. så lenge denne avtala gjeld.
- b. I god tid før avtala går ut, skal Fylkeskommunen vurdere vidareføring av undervisningskonsesjonen tilknytt Måløy vidaregåande skule. Leigeavtala vil då evaluerast og oppdaterast. Fylkeskommunen skal ha moglegheit til å også invitere andre oppdrettarar inn i leigetilhøvet om dei ynskjer dette. Oppdrettar som allereie har leigeavtale med Fylkeskommunen får førsterett til å fortsette som leigetakar om Oppdrettar ynskjer dette.

6. Økonomi – Marint rekrutteringsfond

Leigeinntekter frå undervisningskonsesjonen skal i følgje denne avtalen i sitt heile nyttast til å bygge opp eit rekrutteringsfond. Fondet sitt føremål skal vere å finansiere, heilt eller delvis, marint retta tiltak og prosjekt som styret i fondet ynskjer å gjennomføre, anten åleine eller i samarbeide med andre aktørar. Slike prosjekt i tilknytning til Skulen eller Fylkeskommunen skal kome *i tillegg til* ordinær drift av dei marine utdanningsretningane ved Skulen.

Fondet vert forvalta gjennom eigne vedtekter. Utkast til vedtekter er lagt ved avtalen.

Dei økonomiske sidene av leigetilhøva vert **regulert i særskilt vedlegg** til denne avtalen.

Det faste årlege leigebeløpet skal betalast som forskot i ein eingongssum innan 01.02 kvart år av den som disponerer konsesjonsbiomassen i undervisningskonsesjonen.

Det årlege variable leigebeløpet betalast inn etterskotsvis det påfølgjande år og seinast innan 01.10 etter at relevante bransjetal er gjort tilgjengelege.

Fylkeskommunen har ansvar for å skaffe fram dei relevante bransjetala.

7. Ansvar

Oppdrettar ber heile det økonomiske og juridiske ansvar for si verksemd i heile den perioden Oppdrettar leigar konsesjonen. Dette gjeld også for ansvar/pålegg som vert pålagt Fylkeskommunen gjennom vedtak av offentlege styresmakter eller som følgjer av lov som innehavar av konsesjonen. Fylkeskommunen har soleis ikkje noko ansvar for skade eller tap ved drift og anna verksemd ved anlegget, og konsekvensar som konsesjonsinnehavar, her under ansvar for forureining av nokon art, med mindre Fylkeskommunen har synt grov aktløyse.

Ved betydeleg skade/tap skal Fylkeskommunen varslast.

Alle pålegg/krav om rapportering frå styresmakter knytt til verksemda ved anlegget er Oppdrettar sitt ansvar.

8. Organisering av samarbeidet

Kvar av partane skal ha ein representant kvar som har eit særlig ansvar for oppfølginga av denne avtala og for at samarbeidet får ei positiv utvikling. Desse skal samtalast minst to gongar i året, og eit kort referat skal sendast leiinga av dei respektive partar. Fylkeskommunen er ansvarleg for at dette vert gjennomført.

Minst 1 gang pr. år skal Oppdrettar, Fylkeskommunen og Skulen møtast for å evaluere samarbeidet og diskutere vesentlege saker av felles interesse. Skulen har ansvaret for å kalle inn, og vil kalle inn til fyrste møte omlag eit halvt år etter signering av avtala.

Elles vert det føresett at samarbeidet vert utvikla gjennom laupande samarbeid om undervisningsverksemda.

9. Unnateke offentleg innsyn

All informasjon som partane får skriftleg eller munnleg frå kvarandre i samband med denne avtala skal handsamast fortruleg. Unnateke frå kravet til fortrulegheit er informasjon som partane kan dokumentere:

- var ålment tilgjengeleg då den vart motteke
- var offentlig kjent ved mottakinga
- vart motteke lovleg frå tredjeperson utan avtale om fortrulegheit
- vart utvikla uavhengig av mottatt informasjon

10. Konfidensialitet

Skulen skal syte for at elevar som er på utplassering eller i praksis hjå Oppdrettar underteiknar ei erklæring om konfidensialitet og at elevane vert orientert om kva dette inneber.

11. Misleghald

Om det finn stad eit vesentlig misleghald av denne avtala frå ein av partane, kan den annan heve avtala. Vert det avdekka misleghald, skal partane straks starte forhandlingar om moglegheita for å avhjelpe misleghaldet. Om ein ikkje lukkast med dette, kan avtala hevast så raskt som råd er, men seinast innan to månader etter at misleghaldet er avdekka.

12. Force Majeure

Ingen av partane har misleghalde sine forpliktingar etter denne avtala, om gjennomføring av pliktene har vorte utsett eller forhindra på grunn av hindring utanfor parten sin kontroll (force majeure-hending), som parten ikkje kunne føresjå då avtalen vart inngått og som parten etter tilhøva ikkje kunne unngått eller overvunne følgjane av.

Pålegg eller krav frå styresmaktene som fører til redusert utnytting av MTB i Sogn og Fjordane i høve til resten av kysten, vil kunne føre til avkorting i årleg variabel leige. Dette vil slå inn:

- Dersom utnytting av MTB i fylket kjem under 90 % av landsgjennomsnitt, basert på objektive, offentlege tal (t.d. henta inn frå Kontali Analyse).
- Og at dette skuldast krav eller pålegg frå styresmaktene som gjev slike konsekvensar at Oppdrettar sin MTB i regionen ikkje kan utnyttast som planlagt.

Avkorting vil då gje tilsvarende prosentvis reduksjon i den årlege variable leiga.

13. Varigheit - oppseiing

Avtala er uoppseieleg i 10 år frå dato for signering av avtalen. Etter 10-årsperioden kan kvar av partane seie opp avtala med eitt års skriftlig varsel.

14. Tvist

Ein kvar tvist om forståinga av denne avtala eller tilhøve som spring ut av avtala, skal søkast løyst i minnelegheit.

Lukkast ein ikkje med dette, skal partane søke løysing gjennom utanrettsleg mekling i høve regler utarbeida av Advokatforeningen. Lukkast ein heller ikkje i å finne ei løysing gjennom utanrettsleg mekling, kan kvar av partane krevje tvisten avgjort ved norske domstolar. Verneting er Sogn tingrett.

Denne avtala finst i 2 originalar, der kvar part har eitt eksemplar kvar (og i tillegg er det 2 vedlegg til denne avtala).

Leikanger 31.03.16

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Marine Harvest Norway

.....

.....

Vedlegg 1 til punkt 6. Økonomi

Utrekning av leige — i avtale mellom

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Marine Harvest Norway

om

undervisningskonsesjon tilknytt Måløy vidaregåande skule og utleige av denne

Den årlege leiga for undervisningsløyvet er sett saman av to ulike element:

1. **Fast årleg leige.** Oppdrettar betaler ein årleg fast leige for undervisningsløyvet. Beløpet sin storleik vert sett til kroner 2.000.000 — to millionar i året + mva. Summen skal regulerast kvart 3. år etter endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks. Basis er januar 2016. Første regulering vert juni 2019.
2. **Variabel årleg leige.** Ein fast %-del av all fortjeneste som vert oppnådd på priser som ligg over ein på førehand definert "maksimalpris" ($P_{maksimal}$), skal betalast inn som variabel leige. Formel for utrekning av variabel leige er vist i boksen under. 25 % mva. vert lagt til leigebeløpet.

Det vert sett eit øvre tak på maksimum 3,75 millionar kroner + mva. for den variable leiga. Alt overskot over dette beløpet, skal tilfalle Oppdrettar.

$$\text{Årleg variabel leige} = (P_{\text{marknad}} - P_{\text{maksimal}}) \times M_p$$

Følgjande føresetningar og kalkyler skal leggast til grunn for berekning av variabel leige:

MTB:	Det vert føresett at «restbiomasse» kan nyttast fritt i anlegget på selskapet sin eigen biomasse når biomassen på skulen sin fisk ikkje fyllast opp.
Pris marknad (P_{marknad}):	Her nyttast årleg gjennomsnittstal— FCA Oslo, 2014; 38.72 NOK/Kg hog
Mengde produsert (M_p):	Her nyttast tal basert frå Kontali analyse (1025 for 2014)
Prod. kost:	Her nyttast Kontali analyse sine tal for produksjonskost FOB slakteri. For 2014 gjev desse ein produksjonskost på kr. 28,40.
Total seld mengde fisk er basert på <u>sløyd vekt</u> som vert rekna utifrå rundvekt ved omrekningsfaktor der differansen mellom sløydvekt og rundvekt er 16 %.	

NB I avtala pkt. 12 ligg det inne eget vilkår for **avkorting av variabel leige** som kan slå inn under visse høve.

Rekneeksempel basert på 2014 tal:

Produksjonskost	28,40 kr	Tal henta frå Kontali Analyse
+ Fast leige	1,95 kr	(2.000.000 kr / 1025 tonn sløyd vekt)
Frakt frå slakteri til Oslo	0,50 kr	
= Sum kostnader	<u>30,85 kr</u>	
+ innlagt risikomargin oppdrettar	1,23 kr	(4,0 % av «Sum kostnader»)
“Maksimalpris (P _{maksimal})”	<u>32.08 kr</u>	

Variabel leige: $(38.72 - 32.08) \times 1025 = 6,81$ mill. for 2014

Det faste årlege leigebeløpet skal betalast i ein eingongssum som forskot innan 01.02 kvart år av den som disponerer konsesjonsbiomassen i undervisningskonsesjonen.

Det årlege variable leigebeløpet betalast inn innan 01.10 påfølgjande år når relevante bransjetal er gjort tilgjengelege.

Leikanger

Underteikna av partnarane

Sogn og Fjordane fylkeskommune

For Marine Harvest Norway

.....

.....

Vedlegg 2

Utkast til vedtekter

Marint Rekrutterings- og kompetansehevingsfond Sogn og Fjordane

Bakgrunn

Fondet er oppretta på grunnlag av leigeinntekter frå undervisningskonesjon som vart tildelt Sogn og Fjordane fylkeskommune frå Fiskeridirektoratet **DATO**. Operativ drift av undervisningskonesjonen vert leigd ut til Oppdrettar for ei viss årleg leige. Denne er regulert i eigen avtale. Leigeinntekta frå undervisningskonesjonen skal fullt og heilt gå inn i fondet og nyttast til drift og aktivitetar som vert regulert av desse vedtektene.

1. Organisering

Marint Rekrutteringsfond er organisert som ein del av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

2. Føremål

Fondet sitt overordna føremål er å bidra til auka rekruttering til marine næringar og til å heve kompetansen hjå tilsette i havbruksnæringa.

Fondet kan finansiere marint retta tiltak og prosjekt som skulen, Sogn og Fjordane fylkeskommune eller fondsstyret ønskjer å gjennomføre, anten åleine eller i samarbeid med andre.

Tiltak og prosjekt som får støtte skal ha ei klar forankring i Sogn og Fjordane.

Fondet skal *ikkje* nyttast til ordinær drift eller til å finansiere tiltak, stillingar eller oppgåver som skulen eller fylkeskommunen ikkje gjennomfører grunna innsparingar eller som høyrer til eller bør høyre til innan ordinær drift.

Fondet kan likevel nyttast til delfinansiering av ny skulebåt dersom denne nyttast til aktivitetar til gode for oppdrettsnæringa og/eller rekruttering til denne.

3. Fondet sine midlar

Fondet sine midlar består av leigeinntekter frå undervisningskonesjon.

Årleg fast leige vert innbetalt forskotsvis til fondet innan 01.02. kvart år av den som disponerer konsesjonsbiomassa i undervisningskonesjonen.

Årleg variabel leige vert innbetalt etterskotsvis kvart år og seinast innan 01. 10 året etter at relevante bransjetal er gjort tilgjengelege.

4. Fondsforvaltning

Fondsmidlane vert plasserte som ein del av fylkeskommunen sine likvide midlar og forvalta i samsvar med fylkeskommunen sitt finansreglement. Renter vert lagt til fondet det påfølgjande året.

5. Styret

Fondet vert forvalta gjennom eget styre. Styret for fondet består av:

- Marin fagkoordinator i fylkeskommunen (leiar)
- Skulen sin leiar eller den som representerer denne
- Ein representant frå skulen sitt naturbruksteam eller den som representerer denne
- Ein representant for Opplæringskontoret for fiskeri og havbruk
- Oppdrettar som leiger konsesjonsbiomassa i undervisningskonsesjonen
- Ein næringsrepresentant frå program rekruttering og kompetanse (forankra i Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane).

Styret sin leiar kallar inn styret ved behov, men minimum eitt møte i året.

Alle tiltak og prosjekt som får støtte skal godkjennast av styret med vanleg fleirtal. Leiar har dobbeltstemme.

Styret sin leiar lager kvart år ein rapport over bruken av fondet sine midlar. Denne rapporten går til hovudutval for næring og kultur.

Fondet skal dekke direkte kostnader knytt til styret sine utgifter.

6. Tildeling

- Det skal som utgangspunktet gjennomførast årlege tildelingar frå fondet.
- Det kan likevel vere høve til ei ekstra tildeling i året dersom styret finn dette aktuelt.

7. Disponering av midlane i fondet/vilkår for bruk

Midlane skal nyttast til å utvikle den marine opplæringa i Sogn og Fjordane, til å styrke rekrutteringa til marine næringar og til å auke kompetansen hjå tilsette i havbruksnæringa. Døme er:

- Styrke fagmiljøet innan akvakulturfaget ved skulen gjennom tilknytning av personell frå næringa
- Kompetanseutvikling for personell ved skulen
- Styrke samarbeidet med forsking- og utviklingsmiljø i og utanfor fylket
- Utstyr og teknologi til bruk innan marin opplæring ved skulen
- Ressursar til aktivt informasjonsarbeid for å auke rekrutteringa til fagutdanninga
- Delfinansiering av nytt opplæringsfartøy om dette vert utforma slik at det kan nyttast til opplæring på Vg1 Naturbruksfag, Vg2 Akvakultur, TAF Akvakultur (YSK) og kurs/vidareutdanning for oppdrettsnæringa
- Utvikling av kurs/etterutdanning av tilsette i oppdrettsnæringa
- Andre relevante kompetansehevande utviklingsprosjekt og tiltak

8. Rekneskap og årsrapport

Årleg rekneskap og rapport for Marint verdiskapingsfond skal inngå i fylkeskommunen sitt årsrekneskap, fylkesrådmannen sin årsrapport og årsmeldinga frå hovudutval for næring og kultur.

9. Verknadstidspunkt

Desse vedtektene trer i kraft frå **MÅNAD 2016**.

10. Avvikling av fondet

Fondet kan avviklast etter eit 2/3 fleirtalsvedtak i styret.